

**Notat**Dykkar dato:
Dykkar ref:Vår dato: 13.11.2023
Vår ref: 2023/562 - 10440/2023
Arkiv: 150
Sakshandsamar: Trond SalmoTil:
Formannskapet

Avd.:

Spørsmål i formannskapet 7. november

Me viser til spørsmål i sak om budsjett i formannskapsmøte 7. november. Me har i tillegg nokre nye opplysingar som bør takast omsyn til.

Eigedomsskatt:

- Kva er hus og hytter, og kva er næring, og vindkraft

Ny kontofordeling frå 2023:

Beskrivelse		Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Eigedomsskatt vasskraftsanlegg	6 promille	-73 500	-73 500	-73 500	-73 500
Eigedomsskatt vindkraftverk	7 promille	-10 745 000	-10 745 000	-10 745 000	-10 745 000
Eigedomsskatt anna fast eigedom	2 promille	-5 397 000	-5 397 000	-5 397 000	-5 397 000
Eigedomsskatt næringseigedom	6 promille	-5 781 228	-10 431 228	-14 331 228	-14 331 228

Anna fast eigedom er hus og hytter.

- Aker BP – kva utgjer dette i framtida?
Når anlegget er ferdig er forventa eigedomsskatt 7,8 mill. årleg (2026).

Andre driftsinntekter

- Havbruk og vindkraft

Beskrivelse	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Produksjonsavgift vindkraft	-8 650 000	-9 950 000	-9 950 000	-9 950 000
Produksjonsavgift havbruk	-2 800 000	-2 800 000	-2 800 000	-2 800 000
Konsesjonsinntekt havbruk	-8 000 000		-8 000 000	
Sum	-19 450 000	-12 750 000	-20 750 000	-12 750 000

Oversikt på disposisjonsfond.

Disposisjonsfondet per 31.12.2022

Dette er budsjettert med bruk av disposisjonsfondet i 2023 på

Krav om 10 % fri eigenkapital svarar i 2024 til

kr 47 763 855,-

kr 2 366 922,-

kr 40 094 700,-

Auke investeringsgrensene i delegasjonsreglementet? Bør ein vurdere det i ei seinare sak?

Økonomireglementet er lagt ut på budsjettsida.

Beløpsgrensene i økonomireglementet er knytt til reglementet for kommunestyret. Endringar i beløpsgrenser bør gjerast i dette reglementet. Grensene er på 1,0 mill. og 3,0 mill.

E-sport: status og framdrift

Dei er no i prosess med å sjekke prisar/forhandle prisar, og det er ynskje om opning kring månadsskiftet januar/februar

Det er bedt om 125' i driftsmidlar i budsjettet for 2024. Dei vil eigentleg trenga desse midlane før 2024 for å holde den framdriftsplanen

Utgreiing om å betale scenelys og mixer til FKIB:

Kommunelova § 14-16:

«...Kommuner og fylkeskommuner kan ta opp lån for å finansiere tilskudd til investeringar i varige driftsmidler som eies av et selskap hvor kommunen eller fylkeskommunen har en eierandel i selskapet og hvor kommuner eller fylkeskommuner har bestemmende innflytelse, men bare ved investeringar på områder hvor kommunene eller fylkeskommunene har et lovpålagt ansvar. Kommunens eller fylkeskommunens låneopptak etter første punktum kan ikke være større enn eiernes samlede investeringstilskudd justert for kommunens eller fylkeskommunens eierandel i selskapet...»

Det er argument for at denne investeringa ikkje fell under kravet om å vera eit lovpålagt ansvar, slik at tilskot til investeringa må gjevast som eit driftstilskottilskot.

Utgreiing vatn – få utg. ned på vanleg prisnivå, kva ligg til grunn for auken, noko så ligg inne som ikkje burde ligge der.

Me viser til sak om kommunale avgifter (sak i formannskap / utval for plan og miljø).

Nye opplysingar / kontrollrekning

- Tilskot ressurskrevjande tenester
Kontrollrekning av tilskot til ressurskrevjande tenester viser at me ikkje har fått med prisjusteringar av eigendelen i statsbudsjettet. Dette gjer at tilskotet er 731 000,- for høgt budsjettet. Nytt inntektssystem (frå 2025) vil gje endringar i ordninga, som truleg vil resultera i meir inntekter frå 2025.
Kommunedirektøren tilrår å legge inn 731 000,- i redusert tilskot ressurskrevjande tenester i 2024.
- Ressursstyring Plus
Det vart i slutten av oktober oppdaga at turnusprogrammet Visma ressurstyring WEB er eksponert mot internett og ikkje har godt nok sikkerhetsnett utan 2-faktor. Det er difor naudsynt at ein overfører dette programmet til eit sikrere system, som Ressursstyring Plus. Kostnadar med å legge programmet i sky og gå over til ressursstyring Plus, utgjer kr 140 000,-, pr år.
- Avlasting barn: Det går føre seg eit kartleggingsarbeid på området som me vil komma tilbake til, både omfang og utgifter, når dette er klart.
- Nye barnehagetal
Me har berekna utgifter til barnehagebarn på nytt. Barnehagesatsane er no rette i høve til tidspunkt for innføring av lågare makspris, samt justert for rett prisstiging. I tillegg er talet på born i den kommunale barnehagen og i dei private barnehagane korrigerert for, etter korleis borna i Årskog fordelte seg.

	2024	2025	2026	2027
Tilskot private barnehagar	-2 800 000	-1 715 000	-1 790 000	-1 790 000
Løn Svingen barnehage	1 040 000	1 040 000	1 040 000	1 040 000
Foreldrebetaling Svingen	-750 000	-270 000	-270 000	-270 000
	-2 510 000	-945 000	-1 020 000	-1 020 000

Med helsing

John Karsten Raunholm
konstituert kommunedirektør

Trond Salmo
økonomisjef